

SAMFERDSELSDEPARTEMENTET  
Postboks 8010 DEP  
0030 OSLO

|                  |                                |
|------------------|--------------------------------|
| Dato             | 04.10.2024                     |
| Vår referanse    | 2024/34071-4                   |
| Dykkar referanse |                                |
| Sakshandsamar    | Einar Atle Årdalsbakke         |
| E-post           | Einar.Atle.Ardalsbakke@vlfk.no |
| Telefon          | 57638210                       |

## Høyringsssvar - NOU 2024:15 - eina bedre regulert drosjenæring - delutredning II frå Drosjeutvalget

Vi viser til høyring vedr. forslag til endringer i løyvekrav for drosje mv.  
Vestland fylkeskommune sender vedlagt høyringsinnspel til høyringa.

Med helsing

**Einar Atle Årdalsbakke**  
seniorrådgjevar  
MOK - Stab og forvaltning

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Høyring - NOU 2024\_15 - Ein betre regulert drosjenæring - delutredning II frå Drosjeutvalget (1)
- 2 Saksprotokoll FUV (11)
- 3 Saksprotokoll SAMO (7)

---

**Saksnr:** 2024/34071-2  
**Saksbehandlar:** Einar Atle Årdalsbakke

---

**Saksgang**

| Utval                                  | Utv.saksnr. | Møtedato   |
|----------------------------------------|-------------|------------|
| Hovudutval for samferdsel og mobilitet |             | 28.08.2024 |
| Fylkesutvalet                          |             | 19.09.2024 |

**Høyring - NOU 2024:15 - Ein betre regulert drosjenæring - delutredning II frå Drosjeutvalget**

## Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune er generelt positive til dei føreslegne endringane i delutgreiing II frå drosjeutvalet, då det gir løyvestyresmakta fleire verkemiddel til å sikre eit tilfredsstillande drosjetilbod, spesielt i distrikta.
2. Vestland fylkeskommune er positive til endringane knytt til einerettar og innføring av støtteordning for drosjeverksemd. Dette kan vere gode verkemiddel for å sikre eit tilfredsstillande drosjetilbod, såframt det vert inkludert tilstrekkeleg med midlar i rammeoverføringa til fylkeskommunen.
3. Vestland fylkeskommune støttar innføring av internkontroll for drosjesentralane og at fylkeskommunane får ansvaret for tilsyn med internkontroll. Det må tas omsyn til at dette vil føre til auka ressursbruk for løyvestyresmakta og det må difor løyvast nødvendige midlar i rammeoverføringa.
4. Saksframlegget elles inngår i Vestland fylkeskommune sitt høyringssvar.

## Samandrag

Samferdselsdepartementet sendte 5.7.2023 ut drosjeutvalet si delutgreiing NOU 2024:15 – «Ein betre regulert drosjenæring – delutredning II frå Drosjeutvalget » på høyring. Forslaget inneber mellom anna tiltak for å sikre eit tilfredsstillande drosjetilbod i heile landet, krav til taksameter- og kontrollutrustning, innhaldet i sentraltilknytingsplikta, arbeidsforhold og kontroll og tilsyn med drosjenæringa.

Høyringsfrist er 4.10.2024

Rune Haugsdal  
fylkesdirektør

Anne Iren Fagerbakke  
direktør  
Mobilitet og kollektivtransport (MOK)

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Høyring - NOU 2024:15 - En bedre regulert drosjenæring - delutredning II fra Drosjeutvalget.pdf
- 2 OE-Rapport - Kartlegging av arbeidsforhold i drosjenæringen (L)(2287240).pdf
- 3 Høyring - NOU 2024:15 - En bedre regulert drosjenæring - delutredning II fra Drosjeutvalget

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Det følgjer av Hurdalsplattforma at det ville bli føreslege endringar for drosjebransjen. Dette høyringsforslaget er ein deloppfølging av punkta om drosje i Hurdalsplattforma. Endringane som er føreslegne skal bl.a. bidra til å trygge kundane, gjere drosjesjåføryrket levedyktig og vidare bidra til ein meir seriøs drosjenæring.

Drosjeutvalet vart oppnemnt 11. mai 2022 av Samferdselsdepartementet for å føreta ein heilskapleg gjennomgang av drosjeregulverket, og utarbeide forslag til regulering på området. Utvalet sitt mandat vart justert ved Samferdselsdepartementet sitt brev av 11. desember 2022 og 26. april 2023. I samsvar med justert mandat leverte drosjeutvalet si delutgreiing den 30. juni 2023 som gjaldt forslag til sentraltilknytingsplikt, driveplikt og makstalsregulering på høyring. Vestland fylkeskommune vedtok høyringssvar i fylkesutvalet den 19.9.2023.

Den 05.07.2024 vart Delutgreiing II frå drosjeutvalet sendt ut på høyring. Delutgreiing II handlar om tiltak for å sikre eit tilfredsstillande drosjetilbod i heile landet, krav til taksameter- og kontrollutrustning, innhald i sentraltilknytingsplikta, arbeidsforhold og kontroll og tilsyn med drosjenæringa.

#### Delutgreiinga er forklart og inndelt i 14 kapittel.

- Kapittel 1 gir samandrag av utgreiinga
- Kapittel 2 presenterer utvalet sitt mandat, samansetning og arbeid.
- Kapittel 3 inneheld bakgrunn og problemskildding for utgreiinga.
- Kapittel 4 gir oversikt over moglege modellar for regulering av drosjetilbodet.
- Kapittel 5 inneheld utvalet sine tilrådingar for å sikre et tilfredsstillande drosjetilbod i heile landet.
- Kapittel 6 skildrar moglege tiltak i byområde for å redusere ressursbruk, miljøpåverknad og kø.
- Kapittel 7 omhandlar arbeidsforholda i drosjenæringa.
- Kapittel 8 vurderer taksameter og kontrollutrustning for drosjer.
- Kapittel 9 inneheld vurdering om kontroll og tilsyn i næringen.
- Kapittel 10 omhandlar sentraltilknytingsplikt og drosjesentralens funksjonar.
- Kapittel 11 omhandlar fylkesvise løyvedistrikt.
- Kapittel 12 gir en oversikt over økonomiske og administrative konsekvensar av utvalets forslag.
- Kapittel 13 inneheld merknader til dei enkelte til lovføresegna.
- Kapittel 14 framlegg forslag til lov- og forskriftsføresegner.

Kapittel 14 er forslag til endring av yrkestransportlova og yrkestransportforskrifta på grunnlag av utgreiingane som er forklart i kapitla 1-13.

Vestland fylkeskommune (heretter VLFK) har teke utgangspunkt i utgreiinga og gjeve innspel til dei føreslegne endringane i yrkestransportlova og yrkestransportforskrifta. Endringar som ikkje er kommentert har VLFK ikkje merknader til. Føreslag til endringar i lova og forskrifta, samt utgreiinga er lagt ved som vedlegg.

#### **Vestland fylkeskommune sitt høyringsinnspel**

Samferdselsdepartementet innfører endringar som gjeld krav til taksameter- og kontrollutrustning, innhaldet i sentraltilknytingsplikta, arbeidsforhold og kontroll og tilsyn med næringa. Det vert blant anna føreslått at fylkeskommunane som løyvestyresmakt får fleire verkemiddel til å sikre eit tilfredsstillande drosjetilbod og kontrollmynde til å føre tilsyn med drosjesentralane sin internkontroll.

VLFK er i hovudsak positiv til dei føreslegne endringane, da det vil gje styresmaktene ei mykje betre oversikt over drosjemarknaden, samt at ein får gode verktøy for å gjere tiltak der det er behov. Vi har likevel enkelte merknader til forslaga.

#### **Endringar i yrkestransportlova**

##### § 9 andre ledd

Drosjeutvalet føreslår endringar som skal sikre at ein løyvehavar ikkje kan vere knytt til meir enn ein sentral. Løyvehavar kan likevel vere knytt til fleire formidlarar av drosjetenester. I tillegg til dette vert ordet «taksameter» bytta ut med godkjent «kontrollutrustning» og det vert presisert at bestilte turar skal automatisk registrerast i kontrollutrustninga og at denne skal ha fast tilknytning til bilen. I dag er det berre taksameter som oppfyller alle funksjonane som er lagt til kontrollutrustninga, men krav om taksameter vil ikkje vere teknologinøytralt. Ved å ikkje påleggje bruk av taksameter, vil det kunne utviklast løysningar som oppfyller

krava, som ikkje er taksameter. Det er føreslått at Justervesenet skal godkjenne og kontrollere kontrollutrustningane.

VLFK er positive til at løyvehavar berre kan vere knytt til ein drosjesentral. Dette vil hindre at drosjesentralane rapporterer fleire gonger for same løyvehavar, i tillegg vil det vere enklare for enkelte løyvehavarar og deira tilsette å forhalda seg til eitt internkontrollsystem. VLFK er vidare positive til at kontrollutrustning med fast tilknytning til køyretøyet og at bestilte turar automatisk skal registrerast i kontrollutrustninga. VLFK legg til grunn at kravet om automatisk registrering for førehandsbestilte turar også inkluderer turar som fell inn under kontraktmarknaden. Transportoppdrag i regi av skuleskyss og pasienttransport kan vere utstrekt for enkelte løyvehavarar, og for å sikre at desse turane vert utført med køyretøy og sjåførar som oppfyller krava i lov og forskrift, er det essensielt at turane vert automatisk registrert i kontrollutrustninga i drosjen som utfører oppdraget.

#### § 9 a. Einerettar for drosjetransport

Drosjeutvalet føreslår justeringar i einerettsmodellen, blant anna ei oppheving av terskelverdien for innføring av einerettar og moglegheit til å innføre støtteordning for drosjeverksemd. Desse ordningane er ikkje lenger knytt til kommunegrensene, men til eit avgrensa område som løyvestyremakta sjølv definerer.

VLFK er positive til at fylkeskommunane får fleire verkemidlar til å sikre at drosjetilbodet, spesielt i distrikta, er tilfredsstillande. Samstundes vil VLFK understreke viktigheita av drosjeutvalet si oppfordring om at det vert inkludert midlar i rammeoverføringa til fylkeskommunen for å sikre eit tilfredsstillande drosjetilbod. Dette vil vere heilt avgjerande for om godtgjersle og einerett vert effektive verkemiddel.

#### § 9 b. Drosjetilbod i enkeltturmarknaden

Utvalet føreslår endringar som fastset fylkeskommunen sine pliktar når det kjem til å vurdere drosjetilbodet som del at eit heilskapleg transporttilbod, moglegheita til å sette i verk tiltak og vurdere verknadene av offentlege innkjøp av drosjetenester har på enkeltturmarknaden.

VLFK er positive til at løyvestyremakta får utvida ansvar til å vurdere drosjetilbodet i enkeltturmarknaden og setje i verk tiltak. Gjeninnføringa av sentraltilknytingsplikta vil gjere det lettare for fylkeskommunane å vurdere drosjetilbodet. VLFK meiner at datainnhenting og rapportering, som legg grunnlaget for at fylkeskommunen kan vurdere drosjetilbodet, bør vere standardisert i yrkestransportforskrifta. Eit standardisert og nasjonalt oppsett for datarapportering vil gi alle løyvestyresmaktene like føresetnader til å vurdere drosjetilbodet og gjere det enklare og meir føreseieleg for drosjesentralar som opererer i fleire fylke.

VLFK meiner at det er fornuftig at andre offentlege aktørar og innkjøparar av drosjetenester skal høyrast før utlysing av anbod. Ei slik samordning på tvers av forvaltningsnivå er positivt og noko som til ein viss grad er etablert praksis under noverande lovverk. Å få dette nedfelt i lova vil vere positivt.

#### § 9 f. Internkontroll og tilsyn – ny forskrift om internkontroll av drosjenæringa.

Det er foreslått ny forskrift om internkontroll i drosjenæringa med formål om å fremje forbetningsarbeid hjå drosjesentral og drosjeløyvehavar. Vidare er intensjonen med forskrifta å sikre at gjeldande regelverk fastsett i medhald av blant annet yrkestransportlova, vegtrafikklova, pristiltakslova, arbeidsmiljølova og likestillings- og diskrimineringslova, skatteforvaltningslova og bokføringslova med tilhøyrande forskrifter blir følgt.

Drosjeutvalet forventar at alle delar av drosjemarknaden blir påverka av den føreslegne internkontrollen. Føreseigna inneber at det skal drivast internkontroll både i løyvehavars verksemd og i drosjesentralen si verksemd, men sentralen har det overordna ansvaret for å organisere dette. Drosjesentralane får ansvar for internkontrollen, og fylkeskommunane får mynde til å kontrollere at internkontrollane blir gjort i tråd med regelverket.

Drosjeutvalet har laga ei oversikt over etatane som skal føre kontroll med drosjebransjen (s. 110). Regelverket er fragmentert og det er mange offentlege aktørar som har ansvar knytt opp til drosjeregulering. Det er svært viktig med god samordning på tvers av desse aktørane og at ein har eit register som alle har tilgang til og som inneheld nødvendige opplysningar over drosjeføretak og sentralar. Det er eit ønske at det blir sett av nødvendige midlar for å få på plass eit kunnskapsregister som kan nyttast av alle som har tilgang til å utføre kontrollar av drosjebransjen.

VLFK er positive til internkontrollen og den nye forskrifta som gjev fylkeskommunen heimel til å føre tilsyn med drosjesentralane samt kunne gje rettleiing om gjennomføring og etterleving av den føreslegne forskrifta.

Internkontroll og tilsyn av denne vil bidra til økt bevissthet og etterleving av relevant regelverk i drosjebransjen. VLFK meiner at det er positivt at fylkeskommunane får ansvaret med å føre tilsyn med drosjesentralane sin internkontroll, men vil understreke at det vil krevje auka ressursbruk for at tilsyna vert gjennomført på ein føremålstenleg måte.

**Vedtakskompetanse**

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse på høyringsuttale i saka jf. reglement for fylkesutvalet pkt. 7.

**Medverknad**

Saka er meldt opp til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og fylkeseldrerådet.

**Vurderingar og verknader**

**Økonomi:** Auka kostnader knytt til støtteordningar for drosjeverksemder og tilsyn med internkontrollsystema til drosjesentralane.

**Klima:** Ingen merknad

**Folkehelse:** Lovendringa som er foreslege i høyringsforslaget kan medføre betre drosjetilbod for rullestolbrukarar.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Ingen merknad

**Konklusjon**

Fylkesdirektøren tilrår at ein vedtek høyringsinnspela som kjem fram i saksframlegget.

## Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

## Vedtak

1. Vestland fylkeskommune er generelt positive til dei føreslegne endringane i delutgreiing II frå drosjeutvalet, då det gir løyvestyresmakta fleire verkemiddel til å sikre eit tilfredsstillande drosjetilbod, spesielt i distrikta.
2. Vestland fylkeskommune er positive til endringane knytt til einerettar og innføring av støtteordning for drosjeverksemd. Dette kan vere gode verkemiddel for å sikre eit tilfredsstillande drosjetilbod, såframt det vert inkludert tilstrekkeleg med midlar i rammeoverføringa til fylkeskommunen.
3. Vestland fylkeskommune støttar innføring av internkontroll for drosjesentralane og at fylkeskommunane får ansvaret for tilsyn med internkontroll. Det må tas omsyn til at dette vil føre til auka ressursbruk for løyvestyresmakta og det må difor løyvast nødvendige midlar i rammeoverføringa.
4. Saksframlegget elles inngår i Vestland fylkeskommune sitt høyringssvar.

### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### Innstilling

1. Vestland fylkeskommune er generelt positive til dei føreslegne endringane i delutgreiing II frå drosjeutvalet, då det gir løyvestyresmakta fleire verkemiddel til å sikre eit tilfredsstillande drosjetilbod, spesielt i distrikta.
2. Vestland fylkeskommune er positive til endringane knytt til einerettar og innføring av støtteordning for drosjeverksemd. Dette kan vere gode verkemiddel for å sikre eit tilfredsstillande drosjetilbod, såframt det vert inkludert tilstrekkeleg med midlar i rammeoverføringa til fylkeskommunen.
3. Vestland fylkeskommune støttar innføring av internkontroll for drosjesentralane og at fylkeskommunane får ansvaret for tilsyn med internkontroll. Det må tas omsyn til at dette vil føre til auka ressursbruk for løyvestyresmakta og det må difor løyvast nødvendige midlar i rammeoverføringa.
4. Saksframlegget elles inngår i Vestland fylkeskommune sitt høyringssvar.